



Anne Berit og Magne Huglen tar ein svingom saman med gjestene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard har hatt det han kallar eit hyggeleg oppklaringsmøte med kommunen, som truga med inndraging av skjenkeløyvet hvis manglar ved rømmingsvegane ikkje var utbetra innan i dag.

Huglen opplyser i dag i ei pressemelding at alt no er klart for ein ny sesong med låvedansar, som blir opna av Åsmund Åmli band frå Setesdalen onsdag i påskeveka.

Huglen formulerar seg slik:

'- Det har etter litt medieomtale i dei siste dagane kome spørsmål om det vert noko arrangement på Dønhaug. Det blir det ! Vertskapet har vore i eit hyggeleg oppklaringsmøte med kommunen.

Tryggleiken angående brann/rømming er godt dokumentert og har heile tida vore godt ivareteke. Men det mangla eit brev/dokumentasjon angående nokre mindre tryggingsoppdateringar som blei utført for nokre år sidan.

Både vertskapet og kommunen ser fram til at dette vert rydda av veggen.'

Av Ola Matti Mathisen